



Arkivnr: 2015/11179-54

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 70/18 i møte 27.08.2018:

«Kontrollutvalet godkjenner revidert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.»

Av den reviderte planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 12 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Oppfølgingstenesta (OT)
2. Bybanen utbygging
3. Psykososialt læringsmiljø
4. Innkjøp
5. Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel
6. Informasjonstryggleik
7. Beredskap på veg 2
8. Etterleving av barnekonvensjonen
9. Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)
10. Etikk, habilitet og fullmakter
11. Krav til timetal i vidaregåande opplæring
12. Økonomistyring og etterleving av budsjett i skulane

Drøfting:

Kontrollutvalet har bestilt desse forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid:

- Beredskap på vegnettet – TING 02.10.18
- Fråfall i vidaregåande skular – Frist rapport 29.10.18
- Kulturminneforvaltning – Frist rapport utgangen av oktober

På bakgrunn av at dei bestilte prosjekta no snart er ferdig gjennomført er det tid for at kontrollutvalet bør vurderer kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det mest naturlege no er å velga det/dei første prosjekta i den reviderte planen som nyleg vart vedteken.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av dei aktuelle prosjekta, slik det kjem fram i revidert plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
1.	Oppfølgingstenesta (OT)	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølgingstenesta • Kompetanse og ressursar • Kvalitet i arbeidet
2.	Bybanen utbygging	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Prosjektstyring • Kvalitetssikring av prosjekt
3.	Psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Kartlegging • Oppfølging
4.	Innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollrutinar ved innkjøp • Regeletterleving • Konkurransesetjing • Avtalelojalitet • Fullmaktsstruktur
5.	Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og rutinar • Kompetanse og ressursar • Oppfølging og kontroll

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Neste møte i kontrollutvalet er fastsett til 19.11.2018. For å sikre at arbeidet med ny forvaltningsrevisjon vert starta opp i 2018 vert det tilrådd at utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne forslag til prosjektplan frå Deloitte før neste møte.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 08.10.2018.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 19.11.2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.